

Den vesle katekisma

FYRSTE DELEN – DEI TI BODA

Med nokre forklaringar som gjer oss betre kjende med Guds vilje.

FYRSTE BODET

Du skal ikkje ha andre gudar attåt meg.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud over alle ting og setja all vår lit til han.

ANDRE BODET

Du skal ikkje misbruka Guds namn.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje brukar namnet hans til å banna og sverja, lyga og svika, men kallar på Gud i all vår naud, bed, lovar og takkar.

TREDJE BODET

Du skal halda kviledagen heilag.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje vanvørder samlinga om Guds ord, men held Ordet heilagt, gjerne høyrer og lærer det.

FJERDE BODET

Æra far din og mor di.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje vanvørder eller sårar foreldra våre og andre som Gud har sett over oss, men tener og lyder dei, elsker og vørder dei.

FEMTE BODET

Du skal ikkje slå i hel.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje skader nesten vår på kroppen eller gjer han noko vondt, men hjelper og stør han i naud og fare.

SJETTE BODET

Du skal ikkje bryta ekteskapet.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi lever eit reint og sømeleg liv i ord og gjerningar. Ektefolk skal elska og æra kvarandre.

SJUANDE BODET

Du skal ikkje stela.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje tek noko frå nesten vår eller narrar det frå han, men hjelper han til å verja det han eig, og betra sine kår.

ÅTTANDE BODET

Du skal ikkje tala usant om nesten din.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje svik nesten vår, ikkje baktalar han eller spreier vonde rykte om han, men orsakar han, talar vel om han og tek alt i beste meining.

NIANDE BODET

Du skal ikkje trå etter eigeidomen åt nesten din.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje prøver å lura til oss arven åt nesten vår eller huset hans, som om vi skulle ha rett til det, men hjelper han, så han får ha sitt i fred.

TIANDE BODET

Du skal ikkje trå etter ektemaken åt nesten din, eller arbeidsfolket hans eller andre som høyrer nesten din til.

Kva tyder det?

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje lokkar eller trugar nokon til å forlata nesten vår, men minner dei om å vera trufaste.

KOR VIKTIG ER DET Å HALDA BODA?

Gud seier:

Eg, Herren din Gud, er ein brennhuga Gud, som lèt straffa for synda åt fedrane koma over born i tredje og fjerde ættleden, når dei hatar meg, men gjer vel i tusen ættleder mot dei som elskar meg og held boda mine. (2 Mos. 20, 5-6)

Kva tyder det?

Gud trugar med å straffa alle dei som bryt desse boda. Difor skal vi ottast for vreiden hans og ikkje gjera imot slike bod. Men nåde og alt godt lovar han dei som held slike bod. Difor skal vi òg elska han og lita på han og gjerne leva etter boda hans.

Kva er summen av boda?

Jesus seier:

Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det er eit anna som er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. (Matt. 22, 37-39)

ANDRE DELEN – TRUA

Med nokre forklaringar som gjer oss betre kjende med kven Gud er, og kva han har gjort og gjer for oss.

FYRSTE ARTIKKELEN

Om Skaparen og det han har skapt

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Kva tyder det?

Eg trur at Gud har skapt meg og alle andre skapningar. Han har gjeve meg kropp og sjel, vit og sansar, og held alt dette ved lag. Han gjev meg klede og skor, mat og drikk, hus og heim, ektemake og born, åker og fe, og alt det eg treng frå dag tili dag. Han vernar meg mot all fare og vaktar meg mot alt vondt. Alt dette gjer han av berre faderleg godhug og guddommeleg miskunn utan at eg har fortent det eller er verdig til det. For alt dette skyldar eg å takka og lova han, og tena og lyda han.

ANDRE ARTIKKELEN

Om Frelsaren og hans frelsesverk

Eg trur på Jesus Kristus,

*Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den Heilage Ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp fråd ei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.*

Kva tyder det?

Eg trur at Jesus Kristus er min Herre, sann Gud, fødd av Faderen frå æva, og sant menneske, fødd av Maria møy. Han har atterløyst meg, fortapte og fordømde menneske, frikjøpt og frelst meg frå alle synder, frå døden og djevelens makt, ikkje med gull og sølv, men med sitt heilage og dyre blod og med si skuldlaus lidning og sin død. Dette har han gjort så eg skal vera hans eigen, leva under han i hans rike og tena han i evig rettferd, skyldløyse og sæle, liksom han er oppstanden fråd ei døde, lever og råder i all æve.

TREDJE ARTIKKELEN

Om Den Heilage Ande og korleis han gjer heilag

*Eg trur på Den Heilage Ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv. Amen.*

Kva tyder det?

Eg trur at eg ikkje av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus, min Herre, eller koma til han. Men Den Heilage Ande har kalla meg ved evangeliet, opplyst meg med sine gåver, helga meg og halde meg fast i den sanne trua. På same måte kallar, samlar, opplyser og helgar han heile den kristne kyrkja på jorda, og held henne oppe hjå Jesus Kristus i den eine sanne trua. I denne kristne kyrkja gjev han meg og alle truande dagleg forlating for alle synder. På den siste dagen skal han vekkja opp meg og alle døde, og gje meg og alle som trur på Kristus, eit evig liv.

TREDJE DELEN – FADER VÅR

Med nokre tillegg som hjelper oss til å betre skjøna kva vi bed om.

INNLEIINGA

Vår far i himmelen!

Kva tyder det?

Gud innbyd oss her til å tru at han er vår rette far og vi hans rette born, så vi trygt og med full tillit kan be til han, så som gode born bed dei kjære foreldra sine om noko.

FYRSTE BØNA

Lat namnet ditt helgast.

Kva tyder det?

Guds namn er heilag i seg sjølv, men vi bed i denne bønna at det må verta heilag hjå oss òg.

Korleis kan det skje?

Det skjer når Guds ord vert lært klårt og reint, og vi lever etter det som Guds born. Hjelp oss til det, kjære Far i himmelen. Den som ikkje lærer og lever etter Guds ord, han vanhelgar Guds namn. Bevar oss frå det, himmelske Far.

ANDRE BØNA

Lat riket ditt koma.

Kva tyder det?

Guds rike kjem av seg sjølv utan vår bøn, men vi bed i denne bønna at det må koma til oss òg.

Korleis kan det skje?

Det skjer når vår himmelske Far av sin nåde gjev oss sin Heilage Ande, så vi trur hans ord og lever som kristne her i tida og sidan i æva.

TREDJE BØNA

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Kva tyder det?

Guds gode vilje råder utan vår bøn, men vi bed i denne bønna at han må råda hjå oss òg.

Korleis kan det skje?

Det skjer når Gud bryt alle vonde planar og all vond vilje hjå djevelen, verda og oss sjølve, alt som vil hindra at Guds namn vert helga og at Guds rike kjem. Og det skjer når Gud styrkjer oss med ordet sitt og held oss fast i trua til vår siste stund. Det er hans nådige vilje.

FJERDE BØNA

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Kva tyder det?

Gud gjev dagleg brød utan vår bøn, jamvel til vonde menneske. Men vi bed i denne bønna at Gud vil la oss skjønna dette, så vi med takk tek imot det daglege brødet.

Kva er meint med dagleg brød?

Alt vi treng til å leva, så som mat og drikke, klede og skor, hus og heim, åker og fe, pengar og eigedom, ein god ektemake og gode born, gode arbeidarar og leiarar, fred og godt styre, godt vêr og god helse, gode seder og skikkar, gode vener og grannar og meir slikt.

FEMTE BØNA

Tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Kva tyder det?

Vi bed i denne bønna at vår himmelske Far må sjå bort frå synda vår, så han ikkje seier nei til det vi bed om. Vi er ikkje verde å få noko av det, for vi syndar dagleg og fortener berre straff; men han vil gje oss alt av nåde. Så vil vi, på vår side, av hjarta tilgje og gjera vel mot dei som syndar mot oss.

SJETTE BØNA

Lat oss ikkje koma i freisting.

Kva tyder det?

Gud freistar ingen, men vi bed i denne bønna at Gud vil verja og hjelpa oss så djevelen, verda og vår eigen hug ikkje får narra oss og lokka oss til vantru, vonløyse og andre synder. Men vert vi freista til dette, bed vi om at vi må vinna siger til sist.

SJUANDE BØNA

Men frels oss frå det vonde.

Kva tyder det?

Når vi bed Far vår i himmelen frelsa oss frå alt vondt, tek vi med alt som gjeld kropp og sjel, eigedom og ære. Og vi ber om at han, når vår siste time kjem, i sin nåde må ta oss ut or denne verda, som er så full av sorg, og føra oss heim til seg i himmelen.

AVSLUTNINGA

Amen.

Kva tyder det?

Eg skal vera viss på at Far vår i himmelen vil ha slike bønner og at han høyrer dei. Han har sjølv bode oss å be såleis, og har lova å bønhojra oss. Amen, det tyder: Ja, det skal verta så.

FJERDE DELEN – DÅPEN

Kva er dåpen?

Dåpen er ikkje berre vatn, men han er vatn som Gud har bode oss å bruka saman med Guds ord.

Kva er så det for eit Guds ord?

Det som vår Herre Kristus seier:

Gå ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. (Matt 28, 19-20)

Kva får vi i dåpen?

Dåpen gjev forlating for syndene, frelser frå døden og djevelen og gjev evig sæle til alle dei som trur Guds ord og lovnad.

Kva er så Guds ord og lovnad?

Det ordet som vår Herre Kristus seier:

Den som trur og vert døypt, skal verta frelst; men den som ikkje trur, skal verta fordømd. (Mark 16, 16)

Korleis kan vatn gjera så store ting?

Det er ikkje vatnet som gjer det, men Guds ord som er saman med vatnet, og trua som lit på dette ordet. Utan Guds ord er vatnet berre vatn og ingen dåp. Men med Guds ord er det vatn som gjev nåde og liv, eit «bad som atterføder ved Den heilage ande». Paulus seier det såleis til Titus:

Gud frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettfærdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved det badet som atterføder og fornyar ved Den Heilage Ande, som han i rikt mål har rent ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar. Så skulle vi ved hans nåde stå rettfærdige for Gud og verta arvingar til det evige livet, som er vår von. (Tit 3, 5-7)

Kva vil det seie å verta døypt med vatn?

Det vil seia at den gamle Adam i oss skal druknast og døy med alle synder og vonde lyster med di vi

dagleg angrar og vender oss bort frå syndene våre. Og det vil seia at eit nytt menneske dagleg skal stå opp og leva evig for Gud i rettferd og reinleik.

Kvar står det skrive?

I Romarbrevet seier Paulus:

Vi vart gravlagde med Kristus då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og liksom Kristus vart oppreist frå dei døde ved Faderens veldige kraft, skal vi òg leva eit nytt liv. (Rom 6, 4)

FEMTE DELEN – NATTVERDEN

Kva er nattverden?

Nattverden er vår Herre Jesu Kristi sanne lekam og blod i og med brødet og vinen. Kristus sjølv har innsett nattverden for oss kristne til å eta og drikk.

Kva seier Guds ord om dette?

Vår Herre Jesus Kristus, den natta han var sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta dette og et det. Detter min lekam som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk av han, så gjer det til minne om meg. (1 Kor 11, 23-25)

Kva får vi i nattverden?

Det syner desse orda oss: «gjeven for dykk» og «utrent for dykk til forlating for syndene». Med desse orda gjev Gud oss i sakramentet tilgjeving, liv og sæle. For der det er tilgjeving for syndene, der er det òg liv og sæle.

Korleis kan så store ting skje ved at vi et og drikk?

Det skjer ikkje ved at vi et og drikk, men ved ordet som seier: «gjeven for dykk» og «utrent for dykk til forlating for syndene». Desse orda er i hovudsak i sakramentet, saman med det at vi et og drikk. Den som trur desse orda, han har det dei seier: forlating for syndene.

Kven er verdig til å ta imot nattverden?

Å fasta og førebu seg i det ytre kan vera ein god skikk. Men verdig og vel førebudd er den som trur desse orda: «gjeven for dykk» og «utrent for dykk til forlating for syndene». Den som ikkje lit på desse orda, men tvilar på dei, han er uverdig og ubudd. Orda «for dykk» krev eit hjarta som trur.

SKRIFTEMÅLET

Kva er skriftemålet?

Skriftemålet fell i to. Fyrst sannar vi syndene våre, og så tek vi imot syndsforlating av den vi skriftar for. Vi tek imot som frå Gud sjølv, og trur fullt og fast at syndene våre då er tilgjevne hjå Gud i himmelen.

Kva for synder skal vi skriftna?

For Gud skal vi sanna all vår skuld, det gjeld òg synder som vi ikkje veit om, så som vi gjer det i Herrens bøn. Men når vi skriftar for eit menneske, skal vi sanna berre dei syndene som vi veit om, og som tyngjer samvitet.

Kva slags synder er det?

Tenk på kva du er i livet og kva oppgåve du har, og prøv deg på dei ti boda. Er du far eller mor, son eller dotter, arbeidsgjevar eller arbeidstakar, lærar eller elev? Har du vore ulydig, utru, lat, sint, arg

eller frekk? Har du gjort noko vondt i ord eller gjerning? Har du stole, forsømt noko, bore deg ansvarslaust åt eller gjort skade?

Syn meg ein einfeld måte å skrifta på!

Såleis kan de gjera det, du og den du skal skrifta for:

«Eg har noko å skrifta, og eg bed at du vil tilseia meg syndsforlating for Jesu skuld.»

«Ja, legg fram det du har på hjarta.»

«Eg sannar at eg er ein syndar som er skuldig for Gud. Særleg må eg sanna...» (her nemner du dei synder du veit om, og som tyngjer samvitet ditt).

«Alt dette gjer meg vondt, og eg bed om nåde. Eg lovar å betra meg.»

Men dersom du ikkje veit om nokon særskilde synder (om det er råd), så nemn heller ikkje noka synd. Når du i skriftemålet har sanna di skuld for Gud, så ta imot tilgjevinga.

Så skal den du skriftar for, seia:

«Gud vere deg nådig og styrkje di tru. Amen.»

Og så:

«Trur du at mi tilgjeving er Guds tilgjeving?»

Svar: «Ja.»

Så skal den du skriftar for, seia:

«Det skal verta som du trur: Etter vår Herre Jesu Kristi ord tilgjev eg deg syndene dine i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Amen. Gå med fred!»

Det står skrive:

Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. (1 Joh 1, 9)

Jesus sa til læresveinane sine:

Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. (Joh 20, 23)